

## Blei det bygt sjøgående farty i Skipavåg på 1800-talet?

Skipsbyggjinga lenger vest i Vindafjorden er godt dokumentert av bl.a. Theodor Imsland.

1870-åra var dei mest aktive, og siste skipet som blei bygd ved Imslandssjøen var "Perlen" som gjekk av stabelen i 1891.

Det er fortald og skrivi at det skal ha vore skipsverv i Skipavåg, og det har vore skrivi at tippoldefar Lars O. Skipevåg f.1807 var byggherre på ein sjøgående farkost i 1850-åra, men me har ikkje visst noko om storleik og liknande.

Det me og veit er at Helleik Torgersen Haugaland som var gift med Inger Olsdtr Skipevåg (søster til tippoldefar) bygde ei jekt på verven i Skipavåg rundt 1860.

1870-åra var dei mest aktive åra i vervartida i Vindafjorden. Det var nærliggjande å tru at det var slik virksomhet i Skipavåg og i dei åra, men har ikkje funne noko sikkert som tyder på det.

Det er registrert 8 - 10 mindre farty der byggjestad ikkje er nærare spesifisert enn at dei er bygt i Ryfylke på denne tida. Eit eller fleire av desse kan vere bygd i Skipavåg.

Oldefar Lars L. og broren Andreas L. Skibevaag (seinare Ropeid) står begge oppførte som "tømmermand ved skibsverv" ved folketeljinga i 1875. Me veit at dei var engasjerte ved vervane på Sandslandet, men kan dei ha bygd mindre skip i eigen regi eller på oppdrag i Skipavåg og?

I 1890-åra var den tradisjonelle vervartida i Vindafjorden over. Seglskip i tre vart då utkonkurrert av stålskrog og maskinell framdrift.


I Stavanger Amtstidende og adresseavis finn me ei liste over skip som har gått av stabelen eller var på stabelen i første halvdel av 1856. Her finn ein interessante opplysningar.

Dette året blei ei seglskute med drektighet på 85 Commerce-lest bygd i Skipevåg. Lars O. Skibevaag (tippoldefar f. 1807) er oppført som byggherre/oppdragsgiver.

Commerce-lest var mål på lasteevne.

1 Commerce-lest var mellom 2 og 2,3 tonn, Dette fartøyet har dermed hatt lasteevne på mellom 170 og 195 tonn. Det er ut frå lasteevne mest sannsynleg at det var ein skonnertbrigg, ein skipstype som blei brukt i internasjonale farvatn.

Dei fleste skip blei bygt for eit rederi. I dette tilfelle er Lars Skibevaag oppdragsgivar, det kan tyde på at fartyet er bygt for hans rekning. Skip på 85 c.l. var mellom 80 og 90 fot lange og hadde ei bredde på ca 25 fot. Skipet har dermed vore ca 30 m langt. Verven i Skipevåg var lokalisert i Jupevik, dette var i nærleiken av saga.



Skipet som blei bygd av Lars O. Skipevåg f. 1807 i Skipevag i 1856 kan ha vore rigga og sett ut omtrent som eit av desse me ser her. Begge er ca 85 Commerce-lest og bygd på omtrent same tida.

Usnitt av lista over skip på beddinga i året 1856.

151	"	Stavanger.	100	Fergesen.
152	"	— . . .	65	P. G. Ramslund.
153	"	— . . .	200	Rosenkilde & L. Thorsen.
154	"	— . . .	85	Berner.
155	"	— . . .	40	H. Jacobsen.
156	"	— . . .	85	Mangnesen.
157	"	— . . .	65	H. Mortvedt.
158	"	— . . .	60	J. Monsen.
159	"	— . . .	200	Westergaard & Jonasen.
160	7	Milnorf. — . . .	85	L. Skibevaag i Skibevaag
161	6	" " — . . .	75	D. Helland i Hankevig.